

Namn på skulen: Kvinnherad vidaregåande skule

Tal elevar skuleåret 2016/17: 388

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring**Skulen si vurdering i lys av:**

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg frávær

Prosentdel sluttarar

1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16	83,02%
2016/17	86,70%

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	2,69%	3%
	2016/17	0,77%	4,22%
Termin 2/standpunkt	2015/16	3,04%	1,67%
	2016/17	0,46 %	1,04%
Eksamen	2015/16	8,22%	
	2016/17	5,96%	

1.3 IV grunna høgt frávær 2016/17

Tal IV grunna høgt frávær – Termin 1	99 (fagkarakterar)
Tal IV grunna høgt frávær – Termin 2/standpunkt	38 (T2 = 5, S = 33)
<i>Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fráværsgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?</i>	
<p>Ny fráværsgrense ser så langt ut til å ha ein positive verknad på elevane sitt læringsutbytte. Spesielt ser vi at ein del elevar har «skjerpa seg» jf. frávære i termin 2, ved at det er fleire elevar som får karakter i termin 2 og til standpunkt, enn det er til termin 1. Når vi samanliknar T2 og standpunkt skuleåret 2015-2016 med 2016 – 2017 , ser vi at det er ei forbetring på 3,21%. Ut frå vårt syn er det likevel for tideleg å sei noko om fráværsgrensa har effektar over tid, eller om den positive tendensen er eit resultat av skjerpa merksemd på frávær dette skuleåret.</p> <p><i>Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?</i></p> <p>Dette skuleåret har hovudmerksemda vore retta på fráværføring og oppfølging av elevar med høgt frávære av faglærarane og kontaktlærarane. Fráværsgrensa, reglement, varsling, konsekvensar og viktigheita av å vera tett på eleven har vore eit gjennomgåande tema på møter heile skuleåret. Resultatet er, ut frå vårt syn, blitt ein meir konsekvent og meir felles lik elevoppfølging både når det gjeld å førebygge og varsle elevar som er i faresona.</p> <p>Som for tidlegare år har vi i år òg fylgt opp elevar med IV og 1 i termin 1 særskilt med eigne samtalar med rådgjevarar og elevinspektør. Samtalen har som mål å avklare eventuelle tilhøve i eleven sitt liv som kan ha vore medverkande til at eleven har fag som ikkje er bestått.</p>	

I samtalane freistar ein òg å finne løysningar, tiltak og støtte slik at eleven kan klare å få karakter i termin 2 og til standpunkt.

Summen av tiltak ser ut til å gje ein positiv effekt ved at det er 3% færre karakternoteringar med IV og 1 til standpunkt og termin 2, enn det er ved termin 1. Tala er ikkje justert for sluttarar i termin 2.

1.4 Gjennomsnittleg frávær

2015/16	timar	18,57
	dagar	8,21
2016/17	timar	13,47
	dagar	5,53

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10

2015/16	2,25%
2016/17	3,35%

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»

Kor mange elevar er registrerte med avbrottskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?

3 elevar. Koden er nytta når det ikkje har lukkast å få gjennomført avklaringsamtale med eleven. Årsaka til dette er at eleven ikkje møter til undervisninga og parallelt ikkje responderer på telefon, brev eller e-post, slik at ein får gjennomført avklaringsamtalen.

1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og frávær i fag og utdanningsprogram?

Samla sett har vi indikasjonar på at tal elevar som har bestått og fullført dei ulike programområda har gått opp ved skulen. Det er likevel ein del variasjonar som kan vera greitt å kommentere under dette punktet.

Vi har indikasjonar på at det er fleire elevar som har fullført og bestått på påbyggingsåret, skuleåret 2016-2017. Jf. tal i Extens viser desse at 80,4% av elevane som gjennomført påbyggingsåret, fullførte og bestod skuleåret. Om ein trekkjer frå elevar som har slutta i dei to klassane, gjennom skuleåret, er samla gjennomføring på 72,55%. Dette er ei samla forbetring på 17% samalinka med skuleåret 2015-2016.

For Vg3 studiespesialiserande viser tala ein førebels nedgang samanlikna med skuleåret 2015 – 2016. Per 30.06.2017 har rundt 63% av bestått utdanninga. Låg gjennomføring ligg i at 75% av elevane blant dei 37% som har fått utskrive kompetansebevis har strøke på ein av eksamenane. Vi reknar med at gjennomføringsgraden vil gå markant opp etter hausteksamen 2017.

Prosentdelen elevar som har fått IV er gått opp frå 3% til 4,22%, medan delen elevar som har stryk (1) har gått ned frå 2,69% til 0,77%. Nedgangen i fráværstimar og fráværstimar

ser ut til å ha eit positivt utslag på gjennomføringa generelt, men det er noko tideleg å konkludere rundt dette.

Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Kvinnherad vidaregåande skule og Kvinnherad kommune har saman utarbeida eit årshjul for samarbeide og overgang frå ungdomskule til vgs. Om lag 90 til 95% av elevane ved KVV kjem frå heimkommunen. Årshjulet omfattar alt frå skulebesøk og elevhospitering til samarbeidsmøter mellom KVV og ungdomskulane (rektor- og rådgjevarnivå) Overføringsmøte for «1. februar søkjarar» vert gjennomført i byrjinga av januar. Ved KVV har vi òg ein eigen ressursperson knytt til skulen sitt Opplæringsssenter som arbeider med alternative løp for elevar med låg motivasjon for teorifag, og/eller elevar som er i ferd med å ramle ut av vidaregåande skulen. Ressurspersonen arbeider med kryssløp der eleven får meir av opplæringa ute i bedrift og noko redusert / alternativ teoriopplæring på skulen.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Ved KVV vi skuleåret 2016 – 2017 registrert 13 sluttarar etter 01.10. Sluttarane fordeler seg med 6 elevar på påbyggingsåret 4 innan yrkesfaga og 3 elevar innan studiespes. Jf. tidegare år er det ein auke i delen av elevar som sluttar innan dei studiespesialisierende områda, medan det er nedgang innan yrkesfaga.

Gjennomsnittlege karakterpoeng frå ungdomsskulen for «sluttar-gruppa» er 26,05. 70% har karakterpoeng tilsvarande enkel kompetanse ved inngang til vidaregåande skule.

Eit anna gjennomgåande trekk er høgt time- og dagsfråvære for storparten av gruppa. For ein del av elevane kjenner vi fråværsmonstre frå før dei startar i vidaregåande skule. Utfordringar knytt til høgt fråvære er mønster som eleven ofte tek med seg frå ungdomsskulen og inn i vidaregåande skule. Fråvære er oftast den faktoren som resulterer i at eleven skårar lågt, ikkje får vurdering i faga, og/eller ramlar ut av vidaregåande opplæring.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Som skule har vi allereie etablert ei rekke tiltak for å være tett på elevar som er i faresona for å ramle ut av vidaregåande opplæring. Her kan nemnast:

- Lærarteam med to lærarar i kvar av fellesfaggruppene på yrkesfag (To klassar i same gruppe med 2 lærarar i kvar gruppe)
- Auka bruk av FYR-metodikk innan yrkesfaga
- Alternative opplæringsløp og tilrettelegging for praksiskandidatar gjennom Opplæringsssenteret (vert nedlagt 01.08.2017)
- Kartlegging i august / september.
- Rapportering på fråvær og oppfølging gjennom ressursteam.

2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnleggjande ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

2.1 Utviklingstiltak: Vurdering for læring

Kva var målet med tiltaket?

Etablere ein felles og kollektivt forankra kultur for metodisk bruk av vurdering for læring i undervisninga og i alle læringsaktivitetar.

Gi ein kort omtale av tiltaket.


Leiarar og pedagogisk personale har skuleåret 2015 – 2016 og første halvdel av skuleåret 2016 – 2017 gjennomført SkoleVFL (Skolebasert Vurdering For Læring) 1 regi av Høgskolen i Innlandet. Overordna mål for dette kurset er at vi som skule (og lærande organisasjon), skal auka den samla kunnskapen om vurdering og læring, og det å utøve kollektiv vurderingspraksis.

Kurset fokuserer på den læringsfremjande delen av vurderingsarbeidet. Vi har i arbeidet med kurset gått inn i det aller meste som har med læring og undervisning å gjera. Det har vore eit mål at den generelle undervisningspraksisen skulle utviklast kollektivt gjennom kurs og interne samlingar.

Gjennom kurset har vi hatt merksemd på desse delområda:

- Kollektiv profesjonsutvikling og skuleutvikling
- Læreplanforståing og arbeid med læring i langt tidsspenn,
- Tidspunkt i undervegsvurdering,
- Målorientering
- Feedback: Læringsfremmende tilbakemeldingar,
- Elevinvolvering, Læringsleiing og ulike vurderingsreiskaper,
- Læring i nettverk og utvikling av vurderingskultur

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?



Internt er det forskjellar både innan dei ulike yrkesfaglege programområda og mellom yrkesfag, påbygg og studiespesialiserande. Generelt er elevane på yrkesfag betre nøgd med korleis det vert arbeida med Vurdering for læring og Eigenvurdering enn elevane på påbygg og studiespesialiserande. Utan at vi kjenner kva som er eksakt grunn til dette, kan det vera nærliggjande å leggje til grunn at både elevar og lærarar, på yrkesfag, har ein meir praktisk retta forståing av vurderingsarbeidet. På

studiespesialiserande er både fellesfag og programfag noko meir teoretisk retta, noko som igjen kan vera utfordrande både for elevar og lærarar i vurderingsarbeidet.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Kurset har vore organisert som ein MOOC der Høgskulen i Innlandet har vore fagleg ansvarleg for innhaldet. Dei ulike tema har vore arbeida med på ettermiddagsøktar og planleggingsdagar i faglege og tverrfaglege gruppe ut frå tema. Mellom øktene har ein testa ut innhald og metodar i eiga undervisning I siste del av kurset vart det utarbeida eit eige hefte av lærarane med oppsummering av dei viktigaste metodane, fagteori og korleis ein kan gjere seg bruk av desse i undervisninga.

2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?


Leiinga har følgd opp tiltaket i møter i referansegruppa og ved kollektive evalueringar under og på ettermiddagsøktene ved skulen. Tiltaket har òg vore tema på ulike felles-, seksjons- og avdelingsmøte. Elevrådet er blitt orientert om tiltaket i møter med rektor og elevinspektør.

2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Innhaldet i tiltaket er stort og omfattar mange område i den enkelte lærar si undervisning. Enkelte delområde t.d., bruk av rike oppgåver og tidspunkt i underevgsvurderinga er i stor grad blitt integret i praksisområdet. For andre av delområda vil det vera nødvendig med noko meir tid før ein kan sei noko om praksis og effekt på elevane si læring.

2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Jf. elevundersøkinga 2016- 2017 har tiltaket ikkje så langt gjeve ein målbar effekt. Elevundersøkinga er likevel såpass tidleg på året at det er vanskeleg å konkludere på den samla effekten. Undersøkinga vart òg gjennomført før heile utviklingstiltaket var fullført. Ettersom kurset har eit både stort fagleg og metodisk innhald er det grunn til å tru at det vi ta noko tid før ein får implementert og akkumulert metodikken i heile organisasjonen. Elevundersøkinga 2017 – 2018 vil kunne gje indikasjonar på dette.



Merknad:

Om vi vurderer tiltaket, Vurdering for læring, inn i Irgens, 5-trinnsmodell for læringsprosessen, vil det vera naturleg å vurdere at tileigna kunnskap gjennom SkoleVFL, organisatorisk ligg ein stad mellom Kunnskapsutvikling og Kunnskapsanvendelse.

2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Gjennomføringa har gitt oss mange nyttige erfaringar, spesielt opp mot organisering av utviklingsprosjekt i komplekse organisasjonar. I første del av gjennomføringa vart innhald og organisering i stor grad styrt av skulen si leiargruppe. I kurset var det lagt opp til både høg grad av forankring, planlegging og initiering av innhald i kurset i leiargruppa.

I første del av gjennomføringa opplevde vi mange negative tilbakemeldingar på innhaldet spesielt på enkelte videoførelsingar og at delar av innhaldet ikkje vart opplevd som relevant. Som eit resultat av dette vart det oppretta ei referansegruppe samansett av lærarar frå ulike programområde ved skulen. Denne gruppa var med i den vidare planlegginga av kurset, med tanke på kva innhald og kva tema som skulle vektast. Oppretting av referansegruppa gav mange positive effektar, spesielt i forhold til eigarskap og forankring.

2.2 Utviklingstiltak

Ein skule med merksemd på felles lærings- og klasseromspraksis

Kva var målet med tiltaket?

Tiltaket har hatt som mål å skape ein meir felles og lik lærings- og klasseromspraksis innan alle fagseksjonane ved skulen og i personalgruppa sett under eit.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Som skule ønskjer vi at elevane våre, uavhengig av kva trinn, programområde eller i kva faggruppe skal oppleve at vi er ein skule som har like forståing og lik praksis i arbeidet med eleven sitt læringsmiljø og eleven si klasseleiing.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Elevundersøkinga tidlegare år har vist til dels store variasjonar i korleis elevane opplever læringsmiljø og klasseleiing i dei enkelte gruppene. Det har og vore variasjon i korleis den enkelte lærar og kontaktlærarar arbeider med dette i klassane og i dei ulike faggruppene.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Tiltaket er blitt arbeida med i tverrfaglege grupper der ein har revidert dagens målsettnadar og evaluert desse opp mot korleis ein løysar ulike utfordringar i skulekvardagen. Tema som har vore trekt fram er til dømes, fråværsoppfølging, eit inkluderande klassemiljø, korleis førebygge fusk på prøvar. Gruppene har skriva egne notat innan området som er sendt til leiargruppa med tanke på endringar/revisjon skuleåret 2017 – 2018.

2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?


Leiinga initierte arbeidet med tiltaket og prosessen på ei av skulen sine ettermiddagsøkter. Lærarane har arbeida i tverrfaglege grupper med evaluering av dagens lokale læringsplakat «Den gode læringsøkta» med mål om å sjå på kva område ein ønskjer endring og korleis ein betre kan få til ein felles praksis.

2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Så langt har vi signal om at skulen sin praksis innan området er blitt meir lik og meir konsekvent. Det er òg auka interesse for området blant lærarane først og fremst med tanke om å få til endringar frå og med skuleåret 2017 – 2018 og korleis vi saman kan arbeide vidare med temaet framover.

2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Jamføre elevundersøkinga 2016 – 2017, gjev denne indikasjonar på at det er mindre variasjon mellom dei ulike programområda innan området felles regler og trivsel.



Ein den grad ein kan nytte desse tilbakemeldinga som indikator for tiltaket, ser ein ei betring innan området, jf. tidlegare skuleår.

2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Organiseringa av arbeidet innan dette området ser ut til å vera positiv. Det er tydelege tilbakemeldingar på at fleire ønskjer ein å arbeide vidare med temaet neste skuleår, og det er stor motivasjon for at vi skal lukkast med å få til ein god praksis. Spesielt ser vi tendensar til større grad av kollektiv refleksjon og engasjement rundt temaet jf. kva som er god praksis kva effektar ein kan oppnå og kva grep som er nyttige med tanke på eleven sin trivsel og gjennomføring.

For skuleåret 2017 – 2018 er det blant anna lagt planar om å følgje opp området blant anna ved metodisk bruk av Lesson-study.

2.3 Utviklingstiltak**Auka læringsutbytte – skulen i framtida***Kva var målet med tiltaket?*

Undervisningspraksis ved skulen involverer elevane i lærings- og vurderings-arbeidet, og medverkar til elevane si forståing og motivasjon for eiga læring spesielt innan yrkesfaga. Implementering og bruk av FYR-metodikk har vore hovudtema.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Tiltaket er ikkje direkte omtala i skulen sin utviklingsplan men vi har tilstøytande tiltaksområde som har fått støtte gjennom satsinga. Innføring av FYR har stått sentralt

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Som skule har vi vore i den siste pulja som har fått opplæring i regi av UDIR innan FYR og FYR-metodikk. Vi har tidelagere år og arbeida med FYR innan ulike programområde ved skulen, men har dette året hatt sær mange lærarar og leiarar innan yrkesfaga på FYR-opplæring.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Tiltaket har vore gjennomført i delar av personalet som er tilsette innanfor programområda som har delteke i FYR-opplæringa. Gruppene har saman med avdelingsleiarane for programområda fått felles opplæring, arbeide med konkretisering av metode, evaluering og utarbeiding av planar for dette skuleåret og skuleåret 2017 - 2018.

2.3.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har følgd opp tiltaket gjennom felles skulering, arbeid i team og med leiing av prosessar knytt til FYR som metode på ettermiddagsøktar.

2.3.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Vi opplever at det er stort engasjement blant dei som har delteke i arbeidet med å få konkretisert og sett ut metodar i praksis. Blant anna er det mange konstruktive innspel knytt til endringar som må til for å få til ei god framtidig organisering. Innan enkelte av programområda ser det ut som arbeidet har gjeve positive utslag både innan trivsel, læringsresultat og gjennomføring.

2.3.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Tiltaket vert framleis vurdert til å vera i oppstartfasen. Sjølv om vi ser gode effektar er det viktig at vi som skule klarar å få til ein forankring av metode innan alle skulen sine yrkesfaglege programområde. Tiltaket vil verta vidareført i utviklingsplanen for 2017 - 2018

2.3.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Organiseringa av tiltaket har vore gjennomgåande god. Vi har fått godetilbakemeldingar både på opplæringa og samlingane i regi av UDIR og på korleis det er blitt arbeida med tiltaket lokalt. Det har òg vore positivt at det i den eksterne tilnærminga av metodikken er lagt opp til god forankring på leiarnivå, noko som har verka positivt òg med tanke på korleis vi har arbeida med temaet lokalt.

3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Tilstandsdata frå elevundersøking, undervisningsevaluering, fråværs-, karakter- og gjennomføringsdata er blitt presentert, vurdert og drøfta på ettermiddagsøker, planleggingsdagar og fellesmøter gjennom heile året. Grunnlag for vurderingar er blitt sett opp mot skulen sin samla praksis. Alle lærarane ved skulen har avsett tid i arbeidsplanane til å arbeide med eit eller fleire av skulen sine utviklingsområde. Lærarane arbeider både i fagleg og tverrfaglege grupper. Grunnlagstala for årets tilstandsrapport vart gjennomgått på planleggingsdag torsdag 22. juni.

3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Det er avsett tid i alle arbeidsplanar til arbeide med skulen sine utviklingsområder. Desse områda er bassert på tidlegare års tilstandsrapportar, samt funn frå elevundersøking, undervisningsevaluering og tilstandsdata frå Extens og Hjertet & Hjernen. Utviklingsarbeida og prosjekta vert evaluert kvart halvår. Utviklingsgruppene deler erfaringar frå arbeida, kollektivt, i avsett tid under ettermiddagsøktene. For arbeidet med SkoleVFL har det vore ei eiga referansegruppe som har vore med i planlegginga av modulane i kurset.

3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Den enkelte lærar har i sin halvårsplan (arbeidsplan) oppført kva utviklingsområde han/ho skal arbeide med den aktuelle perioden.
<p>3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?</p> <p>Elevane har vore delaktig gjennom elevrådet. Elevinspektør har faste møter med elevrådet. Rektor har vore med på nokre av desse møta. Skulen sine utviklingsområder har vore tema her. Skulemiljøutvalet har sett på emne knytt til læringsmiljø og klasseleiing. Rektor hadde på elevrådsdagen i januar, gjennomgang av Elevundersøking og oppsummering av undervisningsevalueringa for alle elev- tillitsvalde ved skulen. Ved skulestart fekk elevane informasjon om mål og utviklingsområda ved skulen, på den eine posten på «stasjonsdagen» . Elevrepresentantar deltek også på det årlege VBV-møtet mellom skulen og fylkeskommunen.</p>
<p>3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?</p> <p>Den største utfordringa er å finne tilstrekkeleg felles tid til å arbeide med utviklingsområda. Det er òg ein tendens til at «tida går» om ein ikkje er tett på og etterspør korleis dei ulike utviklingsarbeida skrir fram. Det kan òg vera utfordrande å sikre tilstrekkeleg eigarskap i heile personalgruppa for utviklingsområda, noko som igjen gjer at ein ikkje alltid lukkast i arbeidet med å få til ein felles praksis for område som er definert som sentrale for heile skulen.</p>
<p>3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.</p> <p>Styringsdokumentet er blitt tydelegare på fleire område, spesielt gjennom at plattform for det pedagogiske utviklingsarbeidet har klare ansvarsområde for leiarar, lærarar og elevar. Sjølv om det ligg klare føringar for kva ansvarsområde som er lagt til lærarar og elevar, kan det vera utfordrande å få til gode system som gjer at desse områda vert fylgt opp i klasserommet. Ulik tilnærming, forståing og kollektivt eigarskap til både system og innhald har og er utfordrande.</p>

4 Ope felt - valfritt

Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.